

## **Interpellasjon, Hordaland fylkesting 05.03.19**

### **Kombinert skibuss og rutebuss til Bavallen, Voss**

Voss Resort (Bavallen) er ein stor arbeidsplass i Voss kommune, med inntil 120 tilsette i den travlaste sesongen. Skianlegget har mange gjester både vekedagar, i helger, på dagtid og på kveldstid. I tillegg kjem det mange gjester både sommar og vinter, for å bu i private hytter og kring 100 hytter som er tilgjengelege for utleige. Likevel går det ikkje rutebussar til staden.

Om vinteren har Voss Resort eigen transport i form av såkalla skibussar som korresponderer med tog frå Bergen, og går frå Voss stasjon 0910, 1000 og 1120. Dei tilsette startar arbeidsdagen klokka 0830, så for dei vert det for seint om dei vil nytta desse bussane.

Voss Resort har kveldskøyring fleire gonger i veka. Ca 500 lokale born og unge deltek på kveldskøyring tysdag, torsdag og fredag, og anlegget er blitt ein viktig sosial arena og møtestad for ungdomar. Det er ynskje om auka bruk av kollektivtrafikk, men utan eit skikkeleg busstilbod vert det til at foreldre køyrer borna sine til og frå aktiviteten.

Samstundes har Skyss eit rutetilbod frå Voss Stasjon til Skjerpe. Endestasjonen på Skjerpe ligg ein kilometer frå Voss Resort (Ringbuss Skjerpe/Sivlevegen, rute nr 964). Denne bussen går kvar halvtime på dagtid vekedagar, og nokre få gonger laurdagen. Bussruta har hatt endestopp på Skjerpe i årevis, sidan før hytteutbygginga i Voss Resort starta opp. Den gongen var dette ein logisk endehaldeplass. Det er det ikkje lenger. Voss Resort har dei siste åra vore i rivande utvikling, og har for tida 600 bu-einingar med tilreisande gjester heile året. På bakgrunn av dette har transportbehovet i området endra seg mykje dei siste 10 åra, medan busstilbodet er uendra.

Ved Voss Resort er det stor snuplass, der ein buss kan snu utan vanskar og utan å måtte rygge. Dersom snuplassen treng betre tilrettelegging for å kunne fungere som rutebussstopp, er Voss Resort opne for å ta kostnaden med dette.

Ved å forlengje bussrute 964 på Voss med ein kilometer, vil ein kunne få fleire reisande med bussen, ved at tilbodet vert tilpassa dagens reisebehov i området, utan nokon stor ekstrakostnad. Fleire reisande med buss vil samstundes kunne bidra til ein etterlengta reduksjon i biltrafikken på denne strekninga, og stø opp om Voss som berekraftig reisemål.

Vil fylkesordføraren ta initiativ til å få forlengja rute 964 på Voss, slik at endehaldeplassen vert Bavallen/Voss Resort, i staden for Skjerpe?

Iril Schau Johansen

Høgre